



Henriette Jargren  
Huldretråkket 72  
5142 Fyllingsdalen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2237 - 23/18325

Saksbehandlar:  
Helge Clausen  
helge.clausen@osteroy.kommune.no

Dato:  
16.08.2023

## 102/11 - Varsel om oppmålingsforretning

Forretninga gjeld klarlegging av grenser på gnr. 102 bnr. 11.

### Registrering av eksisterande grunn;

Tiltakstype: Klarlegging av eksisterande grenser (matr.lova § 33).

Rekvirent er Jørn Ahmer.

Alle naboer er varsla.

---

De vert med dette varsla om å møta for å ivareta dykkar interesser og for å påvisa grensene og stadbundne rettar. Eksisterande grensemerke bør leitast fram til oppmålingsforretninga. Det er ønskeleg at kopiar av dokument som kan klarleggja tilhøva, vert sende inn til kommunen i god tid før forretninga. Dette gjeld særleg skyldskiftedokument, kart, avtalar eller liknande.

Møter de ikkje sjølv, må de gje skriftleg fullmakt til den som møter for dykk. Dette gjeld og om ektefellen møter. Bruk då vedlagde fullmaktsformular. Person som møter for firma/organisasjonar må ha med gyldig firmaattest og evt fullmakt frå signaturinneharar.

De vert med dette oppmoda om å melda frå til landmålar snarast råd om de kjenner til andre som forretninga kan ha verknad for.

**De vert beden om å møta:**

**onsdag den 30.08.2023 kl. 10.00  
på/ved parsellen**

### Vidare saksgang:

- Oppmålingsforretning (*Oppmålingsforretning går ut på å klarleggja og beskriva grenser og rettar til fast eigedom (matrikkeleining), og bringa fram nødvendig dokumentasjon for registrering i det offisielle registeret over fast eigedom (matrikkelen) og for eventuell tinglysing*)
- Fakturering (*Til rekvirent/kjøpar?*)
- Matrikkelføring (*føra opplysningar i matrikkelen*)
- Evt. tinglysing (*Registrering av matrikkeleining i grunnboka hjå tinglygingsstyresmakta/ evt. tinglysing av erklæring om rett i fast eigedom*)
- Utsending av matrikkelbrev/relevant utdrag av matrikkelbrev og kopi av protokoll for oppmålingsforretning (*Matrikkelbrev er attestert utskrift av matrikkelen som viser registrerte opplysningar om ei matrikkeleining ved oppgitt dato*)
- Klagefrist (*Etter matrikkellova kan oppmålingsforretning påklagast til fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå matrikkelbrevet/relevant utdrag av matrikkelbrevet er motteke*).

Kart mm finns på [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no) og [www.vossakart.no](http://www.vossakart.no)

Oppmøte ved oppmålingsforretninga er frivillig, og det kan ikkje krevjast godtgjersle for reiseutgifter, tappt arbeidsforteneste og liknande i samband med gjennomføringa av oppmålingsforretninga.

Treng De fleire opplysningar eller er noko uklårt, høyrer me gjerne frå dykk.

Med helsing

Helge Clausen  
Landmålar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

### **Vedlegg:**

A10-04 Tomtegrenser \_ Layout  
Fullmakt

**Mottakar:**

Henriette Jargren	Huldretråkket 72	5142	Fyllingsdalen
Jørn Ahmer	Bernes 38	5283	Fotlandsvåg
Kjellaug Nedrelid Birkeland	Bernesvegen 15	5283	Fotlandsvåg
Laila Amy Bjørsvik	Bernesvegen 16	5283	Fotlandsvåg
Rune Trengereid	Huldretråkket 72	5142	Fyllingsdalen
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen